



ÅLESUND KOMMUNE

Struktur og kapasitet for barnehageområdet

Bakgrunn

Ålesund kommunestyre har vedteke i k- sak 102/21 at det skal utarbeidast ein handlingsplan for barnehagestruktur for perioden 2021 –2031. Planen skal bygge på følgande prinsipp:

- Ålesund kommune skal planleggje etablering av nye barnehageplassar ut frå prinsippet om ei jamnare fordeling mellom kommunale og private barnehagar
- Barnehagestrukturen skal planleggast slik at kapasiteten vert tilpassa tal på barn med rett på plass
- Ålesund kommune skal tilby barnehageplass i områda der barnet bur
- Barnehagane i Ålesund skal bidra til eit mangfald, men samstundes vere berekraftige, bidra til fleksibelt bruk og ha gode fagmiljø
- Målsetjinga er at nye og eksisterande barnehagebygg skal vere universelt utforma og vere egna etter formål og innhald jf. Lov om barnehagar §§ 1&2

Innleiing

Ålesund kommune er lokal barnehagemyndede og skal sjå til at barnehagetilbodet i kommunen er i tråd med lov -og regelverk og skal difor sikre at det er tilstrekkeleg med barnehageplassar, slik at alle med lovfesta rett får ein barnehageplass. Planen vil seie noko om noverande barnehagar og kapasitet, behov for barnehageplassar på kort og lang sikt og plassering, samt å gi forslag til korleis dette behovet kan bli dekt. Planen skal også seie noko om kva som er rekna som full barnehagedekning.

Etterspurnaden etter barnehageplassar kan variere frå år til år, og det kan vere ei utfordring å dimensjonere barnehageområdet riktig, både når det gjeld økonomi og tal på plassar. SSB si framskriving av folketal er eit sentralt verktøy i planlegginga av kapasitet. Saman med kommunen sine egne erfarings tall, «ventelister» på barnehageplass, arealplanlegging, utbygging av nye bustadfelt mm, gir det grunnlaget for korleis kommunen kan forvente at framtida vil bli. Ein prognose vil likevel alltid være ein prognose og tala må tolkast med forsiktighet. Planen må bli redigert etter kommunedelinga i 2024 og kontinuerleg i planperioden.

I arbeidet har vi hatt møte med dei ulike barnehageeigarane. Innhald i møte har vore å skape dialog, samarbeid, få informasjon om status og planar for barnehagen.

Berekraftig barnehagetilbod

Ein økonomisk berekraftig barnehagedrift i kommunen vert definert i denne planen på følgande måte:

- Følge lovverket
- Trygg og god økonomi
- Planlegge på kort og lang sikt
- Kunne møte uventa kostnader
- Tilbodet må være i samsvar med etterspørsel

Grunnlag:

Kapasitetsplanen bygger på sentrale dokumenter som:

- [Lov om barnehager med forskrifter](#)
- [Statistisk sentralbyrå \(SSB\) : KOSTRA \(Kommune-Stat-Rapportering\)](#)
- Utvikling i barnetal 2010-2032
- Grunnlagsnotat – barnetalsutvikling til sak om barnehagestruktur 2022
- Rapportar i [BASIL](#)
- [Kommuneplanens samfunnsdel](#)
- Samordna opptak, barnehageåra 2021/2022 og 2022/2023

Lov om barnehager

[Lov om barnehager](#) med [forskrifter](#) regulerer barnehagar i Noreg. Lova gjeld både for private og offentlege barnehagar. Lova regulerer mellom anna:

- ✓ Krav til bemanning og innhald i barnehagetilbodet for alle godkjeningspliktige og godkjente barnehagar
- ✓ Barn sin individuelle rett til barnehageplass
- ✓ Ansvaret til barnehageeigar, kommunen og fylkesmannen

Alle barnehageeigarar er pålagt å følgje Lov om barnehager med forskrifter.

Regjeringa sitt mål er at barnehagane skal vere tilgjengeleg for alle barn, uavhengig av foreldra sin økonomi. Ei nasjonal regulering for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid gjer barnehagen billigare for familiar med lav inntekt. Ordninga inneber at ingen hushaldningar skal betale meir enn 6 % av inntekta sin for ein barnehageplass. Foreldrebetalinga er avgrensa av maksprisen.

Kommunen sitt ansvar:

Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen, jf. § 16 . i Lov om barnehager

”Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august. Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.” Det betyr at det skal vere minimum eitt opptak i året, og at utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale forhold og behov.

Når kommunen legg til rette for barnehageplassar, må ein ta omsyn til tilflytting, brukarane sine ønsker, og behovet for plassar for barn over og under tre år. Utbyggingsmønstre og driftsformer skal vere tilpassa lokale forhold og behov.

Kommunen har oppfylt barnet sin rett dersom:

1. Barnet får sitt første ønske oppfylt
2. Barnet får sitt andre ønske oppfylt
3. Barnet får eit tilbod om annan barnehage, men som likevel er i samsvar med § 16.

Søkarar som har takka nei til tilbod, vil **ikkje** ha rett til eit nytt tilbod frå kommunen.

Barnehageeigar sitt ansvar:

Barnehageeigar har det juridiske ansvaret for barnehagen dette følger av § 7 i Lov om barnehager. Det er opp til barnehageeigar å bestemme barnehagetilbod i sine barnehagar, mellom anna plasstypar, ferie, 5 plandagar og opningstid – så framt lov og forskrift vert følgt.

Bemanning

Pedagogisk bemanning § 25 i Lov om barnehager

[Norma](#) tilseier at barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per 7 barn under tre år, og éin pedagogisk leiar per 14 barn over tre år og at eitt barn til, vil utløyse krav om ei ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar.

Grunnbemanning § 26 i Lov om barnehager

Barnehagen skal minst ha éin tilsett per 3 barn når barna er under tre år, og éin tilsett per 6 barn når barna er over tre år.

Kommunale føringar:

Kommuneplanen

Kommuneplanen er Ålesund kommune sitt overordna styringsdokument. Dette legg grunnlaget for samfunnsstyring og tiltak - og legg rammer for planar og bruk og vern av areala. Kommuneplanen konkretiserer måla og fortel korleis kommunen må jobbe for å nå dei.

Satsingar

- Livskvalitet for innbyggjarane
- Berekraftig miljø
- Konkurranseskraft/vekstkraftig samfunn

Barnehagetilbodet i Ålesund

Barnehagetilbodet i kommunen består av 59 barnehagar, av dei er 38 private og 21 kommunale.

I Ålesund har vi eit mangfald av barnehagar med ulike eigartilhøve, driftsformer, innhald og storleik. Plasstypar som vert tilbydd i Ålesund er ulikt frå barnehage til barnehage, det er fleire barnehagar som berre tilbyr 100 % plass. Andre plasstypar som vert tilbydd er 80 –60 –50 og 40 % plassar.

Tal på barnehageplassar vert bestemt ut frå bemanning og godkjent leike- og opphaldsareal. Rettleiande norm for godkjent leike- og opphaldsareal er 4 m² for barn i alderen 3-5 år og 5.3 m² for barn i alderen 1-2 år. Barnehagane står fritt til å bestemme samansetning av små og store barn, så lenge det er innanfor godkjent areal og bemanning. Dette vil seie at barnehageeigar ikkje alltid har anledning til å tilby ein barnehageplass, sjølv om dei har areal til det.

Barnehagen skal ha [vedtekter jf. § 8 i Lov om barnehager](#) som gir opplysningar som er av betydning for foreldra/dei føresette sitt forhold til barnehagen. I Ålesund kommune har dei kommunale barnehagane utarbeida felles vedtekter.

Tildeling av barnehageplass følger av forskrift om [saksbehandlingsregler](#) ved opptak i barnehage §3. Tildeling av plass skal skje i samsvar med fastsette kriterium for opptak som er fastsett i barnehagen sine vedtekter.

I Ålesund er det eit hovudopptak i året, med søknadsfrist 1. mars. Nytt barnehageår startar 1. august. Barn vert tildelt barnehageplass frå august til desember.

Inntak av nye barn vert hovudsak ut frå hovudopptak. Dersom det er ledig plass i barnehagane, vert det gitt plass til nye barn fortløpande gjennom året. Kommunen sine telletidspunkt er 01.09., og 15.12, det er desse telletidspunkta som vert brukt ved utrekninga av dei kommunale tilskota til private barnehagar.

Ifølge SSB per 1. september 2022 er det i Ålesund 4037 barn i alderen 1-5 år

Barn født	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Sum barn
Tal på barn	738	715	683	693	763	445	4037
Tal på barn i barnehage	732	702	672	665	605	27	3405

Per 10.10. 2022 har 3405 barn ein barnehageplass i kommunen, 2336 barn i private barnehagar og 1069 barn i kommunale barnehagar. 93 barn har redusert plass. I tillegg er det barn frå Ålesund i barnehagar i andre kommunar.

Det er framleis fleire 1-2 åringar som ikkje nyttar seg av ein barnehageplass. Dette er truleg konsekvens av kontantstøtteordninga som føresette har til barnet er 23 månadar, økonomi, ettersom 1-åringar ikkje har rett på 20 timar gratis kjernetid og plass i andre kommunar.

År	Søknadar	Tal på tilbod 1.8-31.12
2020	868	1058
2021	954	1062
2022	1054	964

Hovudopptak dei tre siste åra viser ei auke i søknadar til barnehage, medan tal på tilbod har gått ned i 2022.

Barnehagane i Ålesund

Ved opptak nytter kommunen opptaksområde. Dette er inndelt om lag som ungdomskulekretsane.

Areal = barnehagen sitt godkjente leike- og opphaldsareal

Plassar = tal på barn om alle er over tre år.

Skarbøvik

Barnehagar	Eigar form	areal	Plassar	Rapportering pr. 15.12.21 0/3 år	Rapportering pr. 15.12.21 u/ 3 år
Barns alder					
Slinningen barnehage	privat	295 m2	72	31	22
Norlandia Hessa barnehage	privat	500 m2	125	73	39
Solstrålen familiebarnehage	privat		16		8
Skarbøvik barnehage	kommunal	300 m2	78	44	17
Storhaugen barnehage	kommunal	342 m2	85	45	18
Midtbyen barnehage	kommunal	247 m2	62	27	18
Sum		1684 m2	438		

Vurdering:

Opptaksområdet Hessa-Skarbøvik-Aspøy-bysentrum har i dag kapasitet til om lag 438 plassar i barnehagane.

Området inneheld i dag mange kommunale bustadar og mange er avhengig av kollektivtransport.

Det er forventa utbygging i området, fleire større prosjekt i område Skarbøvik – Steinvågneset og Aspøy som gjer prognose usikker. Det er generelt forventa ein nedgang i høve barnetal.

Både dei private barnehageeigarane og kommunen har planar om å oppretthalde drift i høve det dei har i dag. Kommunen som eigar vil legge fram eit forslag om opne barnehage i området i sin eigarstrategi. Status etter opptak er at det er ikkje nok plassar i området slik det er i dag.

Konklusjon:

Opptaksområdet har ved hovudopptak ikkje kapasitet til alle søkarar med rett på plass. Føresette som søker barnehageplass utanom hovudopptak vil sannsynlegvis ikkje få eit tilbod i dette området.

Ellingsøy

Barnehagar	Eigar form	Areal	Plassar	Rapportering pr. 15.12.21	Rapportering pr. 15.12.21
Barns alder				0/3 år	u/ 3 år
Ellingsøy barnehage	Kommunal	392,3 m2	98	49	24
Stokke Maritime Fus barnehage	privat	500 m2	Frå 108 til 125, juni 22	52	28
Sum		892,3 m2	223		

Vurdering:

Opptaksområdet strekker seg frå Kverve til Stokke og har i dag kapasitet til omlag 223 plassar i barnehagane.

Det er forventa ei utbygging og ein vekst i høve barnetal. Det vert vist til at det er omfattande rekkefølge krav som tyngar utviklinga.

Læringsverkstedet AS har ei tomt i område Vik som dei er interessert i å selje. Den kommunale barnehagen har moglegheit til påbygg.

Ellingsøya er langstrakt med ein barnehage i kvar ende. Bustad og foreldra sin arbeidsplass er avgjerande for kvar dei kan nytte ein barnehageplass. Fleire foreldre i område Hoffland søker barnehageplass på Giske eller sentrum om dei ikkje får plass på Ellingsøy barnehage.

Opptaket dei siste åra har endra seg, etter det siste opptaket var det ikkje nok barnehageplassar på øya.

Det har gjennom fleire år vore barn som har nytta barnehageplass i Giske kommune, som kommunen betalar refusjonar for.

Konklusjon:

Opptaksområdet har ved hovudopptak ikkje kapasitet til alle søkjarar med rett på plass. Føresette som søker barnehageplass utanom hovudopptak vil sannsynlegvis ikkje få eit tilbod i denne kommunedelen.

Kolvikbakken

Barnehagar	Eigar form	Areal	Plassar	Rapportering pr. 15.12.21	Rapportering pr. 15.12.21
Barns alder				0/3 år	u/ 3 år
Barnas Hage Larsgården	privat	416 m2	104	48	30
Borgund Menighetsbarnehage	privat	126 m2	31,5	20	8
Borgundveien barnehage	privat	188 m2	47	24	16
Fagerlia barnehage	kommunal	426 m2	106,5	49	24
Fjelltun barnehage	privat	199 m2	49,8	25	15
Jugendby barnehage	privat	180 m2	45	22	16
Klipra barnehage	privat	157 m2	39,3	21	9
Norlandia Ratvika barnehage	privat	347,7 m2	86,9	47	30
Nørve barnehage	kommunal	290 m2	72,5	30	20
Ratvikåsen barnehage	kommunal	172,4 m2	43,1	18	9
Rudolf Steinerbarnehagen Stjerneøye	privat	159,1 m2	39,8	19	11
Torvteigen barnehage	privat	187,4 m2	46,9	24	15
Trollhaugen barnehage	privat	806,9 m2	201,7	80	41
Sum		3655,5m2	913,9		

Vurdering:

Opptaksområdet strekker seg frå Klipra til Hatlane og har kapasitet til omlag 914 plassar i barnehagane.

Planlagt utbygging i område Hatlane der rekkefølge krav og tilkomst til hovudveg tyngar utviklinga. Har vore ei stor utbygging på Volsdalsberga, noko usikkert kva som vert følger av denne. Prognose for barnetal viser ein svak vekst i perioden.

Trollhaugen barnehage har kapasitet og ekstra tomt, elles gir dei private barnehageeigarane og kommunen tilbakemelding om at dei har planar om å oppretthalde drift i høve det dei har i dag.

Campus og NMK, Idrettsarena for AaFK og Fortuna ligg her. Søkarakar frå andre delar av kommunen kan nytte barnehagane, då dei for mange ligg på veg til og frå jobb.

Status etter opptak er at alle barn med rett til plass fekk tilbod om ein plass i området.

Konklusjon:

Opptaksområdet har ved hovudopptak kapasitet til alle søkerar med rett på plass, men kan gje få eller ingen barn barnehageplass gjennom året.

Spjelkavik

Barnehagar	Eigar form	Areal	Plassar	Rapportering pr. 15.12.21	Rapportering pr. 15.12.21
Barns alder				0/3 år	u/ 3 år
Askepott barnehage	privat	85,6 m2	21,4	14	
Brisk barnehage	privat	234 m2	58,5	30	14
Fremmerholen barnehage	Kommunal	364,9 m2	91,2	50	26
Lerstad barnehage	kommunal	205 m2	51,3	38	8
Lykkeliten barnehage	privat	146,8	36,7	22	10
Læringsverkstedet Olsvika barnehage	privat	1124 m2	281	56	52
Læringsverkstedet Skogheim barnehage	privat	189 m2	46,8	24	16
Læringsverkstedet Åse barnehage	privat	373 m2	93,3	52	29
Norlandia Høgvoll barnehage	privat	431 m2	107,8	61	35
Tommeliten Fus barnehage	privat	268 m2	67	36	17
Nlm barnehagene avd. Tryggheim Ålesund	privat	306 m2	76,5	38	24
Veslefikk barnehage	privat	358 m2	89,5	40	21
Åsestranda barnehage	privat	162 m2	40,5	22	16
Sum		4247,3m2	1061,8		

Vurdering:

Opptaksområdet Åse –Lerstad -Olsvika – Moa- Spjelkavik har i dag kapasitet til om lag 1062 plassar.

Åse har hatt auka aktivitet dei siste åra og det er forventa ei utbygging vidare i dei neste åra både på Åse og Spjelkavik.

I området Lerstad er det forventa noko økt aktivitet.

I følge framskriving av barnetal er det ein nedgang i barnetal samla sett.

NLM Tryggheim Ålesund ligg på ei festa tomt med 10 års leigeavtale, NLM ønskjer å kjøpe eller ei lengre leigeperiode med kommunen for å kunne ha føreseieleg vilkår for drift og investering.

Kommunen har ei tomt i området Moa.

Elles gir dei private barnehageeigarane og kommunen tilbakemelding om at dei har planar om å oppretthalde drift i tilsvarande det dei har i dag.

Det er mange arbeidsplassar i området, noko som gjer at fleire kan nytte seg av barnehagar i området sjølv om dei bur ein annan stad.

Det har vore god kapasitet i Olsvika, dette har avhjelpert situasjonen i området og for Emblem/Flisnes Status etter opptak, alle med rett til pass fekk tilbod om plass i kommunedelen. Det var fleire søkarar enn plassar på Åse, Spjelkavik og Lerstad.

Konklusjon:

Opptaksområdet har ved hovudopptak kapasitet til alle søkarar med rett til plass, men kan gje få eller ingen barn barnehageplass gjennom året. Erfaring frå dei siste åra i opptaket tilseier at det vil vere behov for plassar i området rundt Åse og Lerstad.

Blindheim

Barnehagar	Eigarform	Areal	Plassar	Rapportering pr. 15.12.21	Rapportering pr. 15.12.21
Barns alder				0/3 år	u/ 3 år
Ebbegarden barnehage	privat	490 m2	122,5	76	30
Heimdalen barnehage	privat	257 m2	64,3	41	17
Læringsverkstedet Blindheim barnehage	privat	297,4 m2	74,4	43	25
Norlandia Flisnes barnehage	privat	557 m2	139,3	83	42
Puskhola barnehage	privat	187 m2	46,8	26	15
Rabbevågen barnehage	kommunal	426 m2	106,5	33	27
Skåthaugen barnehage	privat	421,5 m2	105,4	42	24
Vegsund barnehage	privat	372 m2	93	42	26
Sum		3007,9 m2	752,3		

Vurdering:

Opptaksområdet Skåthaugen- Vegsund – Blindheim- Flisnes- Emblem har kapasitet til om lag 752 plassar og har i fleire år hatt for liten kapasitet.

Det er venta ei auke i bustadar.

I prognosen for barnetalsutvikling er det forventa å halde seg stabilt i perioden.

Norlandia Flisnes har moglegheit for påbygg.

Mange barnefamiljar flyttar til Flisnes og Emblem, for mange er det lang reisetid og reiseveg til jobb. I dag får fleire tilbod om barnehageplass i Vegsund, Olsvika og i Sula kommune.

Dei siste fem åra i hovudopptaket har det vore fleire søkarar enn kapasitet.

Konklusjon:

Opptaksområdet har for lite kapasitet til sine søkarar med rett til plass. I område Emblem / Flisnes er det behov for fleire barnehageplassar.

Skodje/Ørskog

Barnehagar	Eigarform	Areal	Plassar	Rapportering pr. 15.12.21	Rapportering pr. 15.12.21
Barns alder				0/3 år	u/ 3 år
Lande Fus barnehage	privat	387 m2	96,8	35	24
Plassebakken barnehage	privat	457 m2	114,3	48	25
Prestemarka barnehage	kommunal	516 m2	129	45	27
Skodje barnehage	kommunal	400 m2	100	22	18
Stette barnehage	kommunal	268 m2	67	25	17
Valle barnehage	kommunal	224 m2	56	40	11
Årøyhaugen barnehage	kommunal	359 m2	89,8	30	15
Sum		2611 m2	652,9		

Vurdering:

Opptaksområdet Skodje og Ørskog har kapasitet til om lag 653 plassar.

Det er forventa ei utbygging og barnetalsutvikling i området Skodje og stabilt i Ørskog.

Dei private barnehagane skal oppretthalde drifta og kommunen har plan om tilbygg på Valle barnehage.

Status etter opptak er at alle med rett til plass fekk tilbod om plass, ledig kapasitet i fleire barnehagar. Valle barnehage har for lite kapasitet.

Konklusjon:

Opptaksområdet har ved hovudopptak kapasitet til alle søkarar med rett til plass. Erfaring frå dei siste åra i opptaket tilseier at det vil vere behov for plassar i området rundt Valle.

Haram fastland

Barnehagar	Eigarform	Areal	Plassar	Rapportering pr. 15.12.21	Rapportering pr. 15.12.21
Barns alder				0/3 år	u/ 3 år
Brattvåg barnehage SA	privat	325 m2	81	46	24
Hildre barnehage	kommunal	96 m2	32	10	8
Tennfjord barnehage	kommunal	426 m2	106	55	35
Nlm barnehagene avd. Tryggheim Brattvåg	privat	401 m2	100	53	29
Nlm barnehagene avd. Tryggheim Vatne	privat	372,5 m2	93	59	24
Søvik	Kommunal	312 m2	74,8	42	13
Utigarden barnehage	privat	144,3 m2	26	24	13
Sum:		2076,8	519,2		

Vurdering:

Opptaksområdet Haram fastland har kapasitet til omlag 519 plassar.

Forventa barnetalstutvikling i Vatne / Tennfjord, forventa utbygging i Brattvåg, her er det etterspurnad, men mangel på byggeklare tomter.

Vedtak om bygging av ny barnehage der Tennfjord skule er lokalisert. Det er barnehagar som er bekymra for drifta på grunn av manglande søkarar.

Lange avstandar og noko utfordrande med kollektiv transport. Heile område vert frå 2024 tilhøyrande Nye Haram kommune.

Status etter opptak er at alle med rett til plass fekk ein barnehageplass i området og at det er ledig areal i fleire barnehagar.

Konklusjon:

Opptaksområdet har ved hovudopptak kapasitet til alle søkarar med rett til plass.

Nordøyane

Barnehagar	Eigarform	Areal	Plassar	Rapportering pr. 15.12.21	Rapportering pr. 15.12.21
Barns alder				0/3 år	u/ 3 år
Haramsøy barnehage	kommunal	280 m2	70	25	13
Lepsøy barnehage	kommunal	111 m2	27,8	7	3
Harøy barnehage	kommunal	424.6 m2	106,2	19	14
Sum:		815,6 m2	204		

Vurdering:

Opptaksområdet Nordøyane har kapasitet til omlag 204 plassar.

Lav aktivitet i utbygging og barnetalstutvikling.

Tilbakemelding frå eigar er at Harøy barnehage søker om ny godkjenning grunna endring i areal.

Øyane er frå 2022 knytt saman og kostnaden for pendlarar til fastlandet har auka. Haramsøy og Lepsøy barnehagar vert frå 2024 liggande i nye Haram kommune og Harøy barnehage er einaste barnehagen på øyane som då tilhøyrar Ålesund kommune.

Det er knytt usikkerheit til konsekvens av Nordøyvegen, kommunedeling og næringsliv.

Status etter opptak er at alle med barn med rett til plass har fått plass, det er ledig areal i Lepsøy barnehage og Harøy barnehage.

Konklusjon:

Opptaksområdet har ved hovudopptak kapasitet til alle søkarar med rett til plass.

Barnehagetilbodet frå ulike perspektiv

Barnehagetilbodet sett ut frå barnet sitt perspektiv

- Fleire barn opplever å ikkje ha ein barnehageplass i nærmiljøet sitt.
- Nokre barn opplever å ikkje få ein barnehageplass i kommunen.
- Fleire barn kan oppleve lang reiseveg til barnehagen.
- Fleire barn opplever å gå i andre barnehagar, enn sine venar i nærmiljøet.

Barnehagetilbodet sett ut frå eit brukar sitt perspektiv

- Fleire føresette kan oppleve at dei ikkje får plass i barnehagen dei har søkt.
- Føresette som ikkje har rett til plass eller som ønskjer å starte opp utanom hovudopptak, kan oppleve at dei ikkje får ein plass.
- Nokon føresette kan ha utfordringar med arbeidstid i forhold til barnehagen si opningstid.
- Nokon føresette kan ha utfordringar med å nytte barnehagen dei får tilbod om grunna lang reiseveg og utfordringar med offentlig transport. (tidspunkt, bytte av buss)

Barnehagetilbodet sett ut frå eigar sitt perspektiv

- Private og kommunale barnehageeigarar gir uttrykk for at det har blitt meir økonomisk utfordrande å drive barnehage.
- Barnehageeigarar ønskjer å møte føresette sitt behov om barnehageplass, men det er dessverre ikkje alltid mogleg grunna at dei ikkje har nok plassar.

Barnehagetilbodet sett ut frå kommunen sitt perspektiv

- Barnet sitt beste skal til kvar tid vere målet for barnehagetilbodet i kommunen.
- Kommunen har få eller ingen barnehageplassar å tilby gjennom året til barn utan rett til plass
- Kommunen opplever å ha eit godt samarbeid med dei private barnehagane
- Kommunen er avhengig av at dei private barnehagen tilbyr plass til dei som har rett til plass
- Kommunen opplever at det er vanskeleg å oppfylle retten til barnehageplass i delar av kommunen
- Kommune kan møte brukarane sine framtidige behov i neste planperiode under føresetnad at tilbodet vert auka i nokre delar av kommunen
- Kommunen er avhengig av eksisterande kapasitet i områda, for å oppretthalde busetnad og meir vekst

Full barnehagedekning kontra barn med behov for plass

Det er ingen kommunale vedtak som definerer full barnehagedekning anna enn det som kjem fram av [Lov om barnehager § 16](#).

Full barnehagedekning i kommunen vert praktisert som:

- ✓ *Alle med rett til plass skal få tilbod om ein plass*

Rett til barnehageplass og full barnehagedekning er noko anna enn behovet for barnehageplass. Per 01.10.22 har vi barn ståande venteliste, dette er barn med rett til plass, barn utan rett til plass og barn som har valt ein barnehageplass i nærliggande kommunar.

Framskrivning av tal på barn 1-5 og utbygging

Generelt sett viser framskrivinga stabil barnetalsutvikling i kommunedelane. Størst vekst er forventa i område Indre Borgund (Emblem/ Flisnes), samtidig som det er knytt stor usikkerheit til omfanget av vidare bustadbygging i Emblemsområdet. Det er også forventa ein vekst i barnetal i områda Åse, Ellingsøy, Skodje og Tennfjord.

Faktorar som vil påverke behov for barnehageplassar

Kontantstøtte

Det er framleis foreldre i Ålesund som vel å nytte seg av kontantstøtteordninga. Dersom ordninga vert endra eller fell heilt vekk, vil ein kunne forvente at foreldre vil søkje barna tidlegare inn i barnehagane. Behovet for fleire plassar vil då kunne auke.

Endring i barnehageopptak og rett til plass.

Dersom regjeringa endrar reglar i Lov om barnehagar § 16 til to obligatoriske opptak i året, eller ved at alle barn har rett til ein barnehageplass uansett når på året dei er født, vil ein kunne forvente at behovet for barnehageplassar kan auke i kommunen.

Redusert foreldrebetaling:

Dersom regjeringa endrar reglane når det gjeld redusert foreldrebetaling, vil dette kunne gjere at barn frå familiar med lav inntekt ikkje har økonomi til å ha barn i barnehagen og behovet vil kunne minke.

Økonomi:

Dei økonomiske rammevilkåra til barnehagane er avgjerande for tilbodet. Barnehageeigarane gjev tilbakemelding om strammare økonomi.

Utbyggingar:

Det er usikkerheit rundt fleire utbyggingsprosjekt mellom anna på grunn av mangel på byggeklare områder og rekkefølge krav. Vedlegg om «Utvikling i barnetal 2020-2032» gir meir utfyllande informasjon.

Kommunedeling:

Kan ha økonomiske konsekvensar og vil skape endring i organisasjonen og kommunale verksemdar. Barn frå Fjørtofta nyttar i dag barnehageplass på Harøya, frå 2024 vil dei to øyane ligge i to kommunar.

Konsekvens av Nordøyvegen og bomringar:

Det er usikkert kva konsekvensar bomringane kan ha for opptaket både for foreldre og kommunen. Ein meirkostnad kan mellom anna føre til at nokre foreldre ikkje kan nytte seg av barnehageplassen kommunen kan tilby. Det kan vere barnehagar som kan få problem med å fylle opp plassane sine og i ytterste konsekvens måtte legge ned.

Økonomisk grunnlag for dei private barnehagane

Kommunen har plikt til å yte tilskot til ordinær drift av godkjente private barnehagar i kommunen. Kommunens har plikt etter [§ 14 i Lov om barnehager](#), [forskrift om foreldrebetaling](#) og «Lokale retningslinjer for tildeling av offentleg tilskot til private barnehagar i Ålesund kommune», vedteke av kommunestyret 19.06.2020.

Tilskot vert tildelt på grunnlag av rapportering tal på barn, alder og opphaldstid per 15.12 og 01.09.

«Kommunen skal gi driftstilskudd til private ordinære barnehager per heltidsplass. Driftstilskuddet skal beregnes ut fra gjennomsnittlig ordinære driftsutgifter per heltidsplass i tilsvarende kommunale ordinære barnehager, med fratrekk av administrasjonsutgifter, pensjonsutgifter og arbeidsgiveravgift på pensjonsutgifter. Grunnlaget for beregningen er kommuneregnskapet fra to år før tilskuddsåret. Kommunen gir påslag for pensjons- og administrasjonsutgifter», jf. Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager §§ 3-5.

Ålesund kommune har ikkje kommunale familiebarnehagar. Kommunar som ikkje har kommunale familiebarnehagar, skal gi drifts- og kapitaltilskot til private familiebarnehagar etter satsar i forskrift, jf. § 7

I tillegg skal kommunen gi tilskot til barn i kommunen som nyttar seg av ein privat barnehageplass i ein annan kommune.

Kommunen har dei same økonomiske forpliktingane til utbetaling av kommunalt tilskot, uavhengig om barnet har barnehageplass i Ålesund eller i ein annan kommune. Dersom dei private barnehagane har ledig kapasitet, kan dei velje å ta opp barn som ikkje har rett på plass etter lova. Kommunen er pliktig til å finansiere desse plassane, sjølv om desse barnehageplassane ikkje er lovpålagte.

Tilskotssatsar til drift av dei private barnehagane:

SATSER 2022	Nasjonal tilskotssats drift 0- 2 år	Nasjonal tilskotssats drift 3-6 år	Kommunal tilskotssats drift 0-2 år	Kommunal tilskotssats drift 3-6 år
10% pensjonspåslag	kr. 239 300	kr. 116 300	kr. 221 062	kr.105 840
12% pensjonspåslag	kr. 244 300	kr. 119 100	kr. 225 812	kr.108 479

Konklusjon – framtidig behov – vurderingar og prioriteringar

Ålesund kommune arbeider for å imøtekome vala i søknad og ønske om ein barnehageplass så nær bustad som mogleg. Folketalsveksten og etterspurnad etter barnehageplass er ulik i dei ulike områda. Det er område med for liten kapasitet og område med god kapasitet.

Kommunen kan totalt sett innfri retten til plass, men ikkje nødvendigvis der folk bur.

Prognosane frå SSB viser ein stabil utvikling i aldersgruppa 1-5 år fram til 2030. I nokre område er det forventa ein nedgang og andre område ein svak vekst. Det er også vanskeleg med sikkerheit å seie kvar det vert fødd barn.

Pr. i dag og i neste 10 års periode vil det samla sett vere nok barnehageplassar i kommunen, men slik det har vore og ser ut no ligg ikkje plassane der etterspurnaden vil vere. Med store geografiske avstandar vil det vere viktig å prøve å oppretthalde eit barnehagetilbod som dekker dei områda der det bor barnefamiljar.

Det er òg viktig å ha med seg vidare at for å være ein attraktiv kommune, vil eit godt barnehagetilbod kunne vere med å bidra til at fleire etablerer seg i kommunen. Det sentrale er at behovet for barnehageplassar vert dekt etter nærmiljøprinsippet, dette ivaretek familiane sitt behov for nær lokalisering og gir god fleksibilitet. I dag opplever foreldre som ikkje søker plass ved hovudopptaket eller dei som ikkje har rett til plass at dei ikkje får plass gjennom barnehageåret.

Kommunal kontra privat drift

Det er økonomisk utfordrande å drifte barnehagane, og det er barnehageeigar sjølv som må vurdere kvar smertegrensa er for vidare drift. Det kan difor vere viktig at kommunen har ein plan for korleis dei skal oppfylle plikta framover, uansett eigarform.

Dersom det skulle vise seg at ein eller fleire av dei private barnehageeigarane ikkje ønsker å drive vidare, bør kommunen vurdere å ta over drifta.

Strategi og tiltak i neste planperiode

- Kommunen bør sjå på barnehageplassar i samanheng med bustadbygging og arbeidsplassar i kommunen. Med store geografiske avstandar vil det vere viktig å oppretthalde og ha nok barnehageplassar der folk bur
- Det bør bli lagt til rette for at det etablerast fleire plassar i områda Emblem/Flisnes, Ellingsøy, Valle og Lerstad/Åse
- Det bør vere barnehagar av ulik storleik, innhald og mangfald i tråd med føresette sine behov og ønskjer
- Fortsette det gode samarbeidet med dei private barnehagane
- Kommunen og dei private barnehagane bør sjå på moglegheiter for å formalisere samarbeid gjennom samarbeidsavtalar.
- Sikre private barnehagar tilskot i tråd med statlege og kommunale føringar
- Om kommunen skal vere ein attraktiv kommune å flytte til, bør det til kvar tid vere ledige plasser til disposisjon der folk bur
- Kommunen bør vurdere å ha plassar tilgjengelege gjennom året for dei mest sårbare barna. Mellom anna flyktningar, barn innanfor barnevernstenesta og barn frå krisesenter
- Kommunen bør vurdere å ta over drift av barnehagane, dersom dei private eigarane ikkje ønsker å drive vidare
- Nye barnehagebygg / tilbygg skal vere universelt utforma.

Vedlegg:

- Barnehageopptak 2021 og 2022
- Venteliste per oktober 2022
- Utvikling i barnetal 2010 – 2032
- Grunnlagsnotat – barnetalsutvikling til sak om barnehagestruktur 2022